

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenum.	64.	Fylke:	Oppland
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Etnedal
Emne:	Död og be gravelse.	Bygdelag:	Heile bygdi
Oppskr. av:	Lærar Martin Lundstein	Gard:	
(adresse):	Bruflat	G.nr.	Br.nr.

- A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er etter eiga røynsle. saman med husmor Gunhild Lundstein. Bruflat, 72 år.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I

Tok to samstundes i dörahaldet -ein utanfrå og ein innanfrå, fekk ein snart höyre om dödsfall.

Gjekk ein av fingrane gjennom eit flatbrödstykke, so det vart eit hol, fekk ein höyre det same.

Gjöymde ein liten unge ansiktet med eit plagg, eller dei sette blomar  
 Vi håret sitt, var set tekni på at det vart dödsfall i grenden. Kom ein til å få sjå to pinnar, flisar eller strå, som låg slik at dei laga eit gteit kors, so vart det te halde for eit sikkert dödsfall-merke.

2

Dersom "gauken dåra ein "(höyrde gauken fyrste gong om våren på fastande hjarta,) so held mange det for ei feigdarbod. Likeins dersom dei for fyrste gong om våren höyrde "någauk".(at gauken då sat rett i nord og gol mot ein.) I gamal tid hadde mange av dei störste gardane "kastebu" d.e. likhus . På sume av desse gardane kunne ein höyre at det hövla, saga og banka om natti. Det var teikn på at det snart vart dödsfall på garen.

3

Det var somme som kasta skoa sine tvert over golvet mot nyttårskvelden utgangsdör. Vart skoen ståande og tåi peika rett mot döri, so skulle han som kasta i vissa ut av huset i året i året som kom.

13135

# NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

Ein mann som levde her i bygden for pålag 100 år sidan skulle kunna forutsegja dödsfall. Dei kalla han "Bekjon" fordi han gjekk omkting og selde bek. Ein dag var han inne på ein ~~bar~~ gard på Toten. Då han gjekk att, snudde han seg i döri og spurde: "Ligg det lik her på garden?" "Nei", vart det svara. "Ja, då blir det lik her innan morgen", sa Jon, og slik vart det. Ein av husmennene, som nett då sat og åt tilkvelds, döydde brått om natti.

5-6

~~Helligmaur~~, ~~Bigdalus~~, helhunger, moldgråde er ord, som me ikke kjenner her.

Dödsleiet

7

Det er ikke kjent her at nokon yngste å döy på ~~en~~ bestemt stad i huset.

8-9

Heller ikke at dödsrommet skulle ordnast på ein sers vis. og heller ikke at noko vart gjort for å lette dödskampen.

10

Det har vore, og er mykje vanleg å sende bod etter prest med sakramentet, men berre når den döyande bad om det.

II

Når presten kom, tala han ei stund med den döyande om synd og nåde. Eit salmevers eller to vart sungne. "Til dig alene Herre Krist" vart mest brukt ved det <sup>h</sup>jöve her. So vart sakramentet utdelt slik som i kyrkja. Det var også vanleg at dei som vilde av husets folk, også var med til alters. So vart eit takkevers sungne t.d. "O Jesu, söde Jesu dig ske hjertens tak evindelig."

I2

Andre enn presten var det ikke vanleg å bodsen ~~er~~, med mindre den döyande sers vilde tala <sup>ved</sup> ein kvan om noko som låg non nom på hjarta.

I3

Det har hendt ofte at den döyande har sagt i frå om gravferdi, og andre ting, som skulle gjerast etter döden.

Tia millom dödsfallset og gravferdi.

I4

"Han döydde", "Han er flött", "Han sovna i dag." "Han er sløppin".

13135

# NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

er dei mest brukte vendingane her om ein som er död.

ordet "dau" er meir sjeldan brukt no.

15

Det er fortalt at ei fuglefjör, ein spegil eller opningav ei livår har vore brukt for å prova at döden var fullviss. Ei knappenål, stukken med spissen inn i hjarta, skal og vore brukt. Den minste rörels av hjarta, ville då få nåli til å röre på seg., vart det sagt.

16

Noko döme på skindöde, har me ikkje å fortelja um her, men i gamal tid var det nok tale om slikt, av og til.

17 -18

Mynt på öyelokket, salmebok under hoka eller band til å binde nerkjevenopp med har vore brukt her forat liket ikke skulle ligge med open munn og opne augo.

19 -20

Det har ikkje vore bruket leg her, varsle nabøer straks.

21

Å varsle husdyr om dödsfall, er ukjent her.

22

Med dödsrommet vart det ikkje gjort anna enn å opne eit vindu og legge t.d. eit laken over den döde.

23

Liket vart sjeldan flött or sengen før dagen etter, no i siste tid fyrst når kista kjem, som no er ganske snart.

24

För, når dei ofte måtte vente ei stunn på kiste, vart liket gjerne lagt på ein lemm og bore ut.

25

Hér vart lik aldri lagt på halm.

26

Her blir uttrykket "ligge på likstrå" brukta om den tid "dei ligga heime" millom dösdagen og gravferdi.

27

Sengehalmen ble gjerne brent så snart den döde var båret ut. Dette vart kalla "å bfrenne likstrå".

28 -29

Andre ting enn "likstrået", sengehalmen, ble ikkje brent, dersom ikkje doktoren på grunn av smittefare kravde det.

13135

# NORSK ETNLOGISK GRANSKING

4

30

Liket vart stelt so fort kista kom,no tildags om ei dags tid,för fyrst om fleire dagar.

31

För var det helst ei kone i grannelaget,som stelte liket.  
No er det mest alltid høysesöstera

32

Hø var alltid kledd på vanleg måte

32 - 36

Ansigt og hender vart vaska,håret stelt,og menn, som ikkje gjekk med skjegg barbert,og neglene klipt.

37

Likvatnet vart utslege,ikkje brukt til noko.

## Likkler.

38 - 39

Å kle eit lik,kallast her "likkler" "å bu liket" Likkleda kalla dei för "bukleo" No kalla dei det som oftast "svöp"

40

Ordi "liklaken" , "likblæje" og sveipelaken" har i kje vore brukt her.

41

Me har ikkje höyrt tale om at brudelakenet skulle vera lik-laken.

42

Heller ikkje om at liket vart kledd i under-og overkler.

43

At brudgomsskjorte og brudelinet har vore brukt til lik-kler,har hendt her i bygden og.

44

Me har ikkje höyrt at likklede skulle vera av lin.Eit slags tynt leret "buleret" har so lenge me kjenner til,vore brukt til slikt.

45-46

Me kjenner ikkje til skikken med at föttene skulle vera synbare,Sokkar kledd somme på dei,men aldri sko.

47

I gamal tid brukte dei stundom å setta nodeplagg på lik.

48-49

Gamle og unge,og likeins barselkonor vart likt kledd til likferdi.

# NORSK Etnologisk Granskning

5

50  
Blonder brukte somme, men ikkje alle, som pynt på likklede.

51  
Ein kan seie at kjøpte likklede har vore i bruk her i 60-70 år.

52  
No blir det mest alltid kjøpt ferdige likklede, enten av tøy eller av papir. Det har også vore kjøpt av silke, men det har vore utanom det vanlege.

53  
Mange kallar kjøpte likklede for svöp.

54-55  
Beröring av lik, har her ikkje korkje vore halde for helbredande eller fårleg.

56-57  
At barn skulle berast rundt kista for å bli kurert, er ukjent her. At mynten over øyelokket skulle nyttast til noko, er likeins ukjent.

58  
Me kjenner ikkje döme no, på at nokon har havt ferdig likkiste ståande. Men det er fortalt om folk som har havt ferdige materialer til kiste liggjande.

59  
Trenagler i likkista er ukjent her.

60  
Stroppor av taug til handtak når dei bar, var altid brukt.

61  
So seint som til omkring 1890 vart kistene helst gjort heime av ein snikkar. Etter den tid vart dei kjøpte.

62-63  
Til framimot siste århundraskifte var det mest svarte kist stor å sjå, måla med linolje og kjørnruk, og lokket gjerne over påstødd finmalt steinkol, som pynt. Frå den tid har kistene mest vore kvite.

64  
Opning i kistelokket er ukjent her.

65-66  
Som underlag i kistene har for vore brukt hövelflis, no kutterflis, og i hovudputene det same. Dun har også vore brukt av somme, men ikkje tørre blad, det ein veit.

13135

Somme lot fingerringen fylja i gravi og kanskje salmeboki  
ingenting anna.

Me kjenner ikkje til skikken med at barselkonor skulle  
ha barne tøy med i kista

Den vanlege pynt på kista kunne vera eit kors på lokket  
(Av tre eller metall). Og dertil blomar og kransar, før  
mest heimgjorde, no mest kjøpte.

Linfrö langs kista eller planter for å holde innsekter borte, er ukjent her.

Rågjerder mot at den avlidne ikke skulle gå igjen, har  
me ikkje høyrt om.

Det har ikkje vore skikk her at slektingane har mödt  
fram, når den döde skulle leggjast i kista

Der bruktest ingen slags pynt på rommet, der kista vart  
sett enten det var inne i huset eller på låven, som var  
det vanlege.

Barsal eller lauvsal til å settja liket under sereemonien  
gravferdsdagen, var laga av små granbuskor eller små  
björkebuskor, med toppen böygd mot kvarandre. Slike bars-  
eller lauvsalar brukast no alltid sumarstid. Og tildels  
om vinteren.

somme barströydde millom huset og uthuset, der kista sto,  
somme ikkje.

Her var ingen fast skikk om korleis kista skulle stå under  
derheimelegget.

Somme la lokket på kista, andre lot den stå open med ein  
liten duk over ansiktet "ansiktsduk" "salvet" ofte av  
silke.

Det hendte ofte at granner og venner kom for å sjå liket, 13135

# NORSK Etnologisk Granskning

men det var ingen fast ski kk.

87 -88

Gravkapel har me ikkje her. Men skal seremonien haldast i Kyrkjun, kan liket føreåt bli sett inni eit rom i kyrkjeporten til gravferdsdagen kjem.

## Sorg

89 -92

"Sörgetid "har me ikkje havt her. Stöi og larm måtte det ikkje vera der nokon låg lik, og heller ikkje leik og gammankorkje på garen eller i nærmeste grannelag.

93-94

Heilt til siste hundreårsskiftet gik folk i gravferd utan større umsut for korleis dei var kledde. No lyt det helst vera mørke kledeD Dei pårörande helst svartkledde , ogso enken.

95

Råd mot for mykje sorg har me ikkje höyrt om.

96-97

Heller ikkje at ein kan vekkjast med gråt etter döden. Gamle råd for å lindre sorg er også ukjent her.

98-99

Begravelse eller "gravöl "som det mest vart kalla, vart halde på alle vekedagane , undteke sundag.

100 -108

Læraren i krinsen og ein eller to med han var det som song den avlidna ut i heimen. No er det klokkaren, som gjør detsaman med presten. To ljós elles ingen annan prydna enn kransar står då på kista. Når kista bli utbore, blir ljosi teke vekk og sette til sides-

109-112

Våkenatt , ljósbrænnin heile natti og gråtekoner er ukjent her.

113-116

Liksalmene vart ikkje sungne på ein serskild måte. No etter 1920 er både prest og klokkar med også i heimen

117 -121

Velfarskål er ukjent her. Liket skulde både før og no berast av dei mest pårörande som söner, versönerel. andre

122-127

Annan-ski

13135

# § NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I22-I27

Annan skikk med likbåra enn at den både i heimen og i kyrkjun skulle stå ned fotenden mot utgangsdöri. Opning i veggen "likdören" er ukjent her. Tunet i gravölgaren var alltid barströid, og likberarne fekk ikkje skjenk her.

I28-I31

I gamal tid var der nesten berre menn med i likferdi, men i frå pålag 1920 er kvinnene og mannjamt med til kyrkjgaren. At kvinnene fylde berre eit stykkje på vegen bruktest ikkje her. Ei stor gravferd vakte sjölsagt meir åtgauv enn ei mindre.

I32-I33

Mest ved alle heimar ved vegen var der pynta med bar. blomar og flag på halv stong

I34 -I39

Etter omkring år 1900 heiser alltid grannar flag på halv stong gravferd dagen og somme også på dödsdagen. Somme let det bli på halv stong heile dagen, men somme heiser det på heil når kista er i graven. Igamal tid song dei ved kvar gard, seinare berre ved ein og annan större. Noer det slutt med det.

I40-I42

Folk, som vsrute på gardane, når ferdi kom, stod og lydde på sangen. Annan mottakning var der ikkje. Skikken med "å h höysta" när ferdi for över ei högd er ukjent her.

I43 -I44

"Kvilestein" og "likstein" var der ikkje her. Var det langt å bera kista før dei kom på storvegen, kunne dei berre setja ja ho ned på marki. I45-

På veg til kyrkja stod kista utan underlag på sledesbotnen eller vognbotnen. (No på lastebilen)

I46 -I51

Hesten skulle helst vera svart, om det var höve til det, i alle fall mörk. At den ikkje skulle vera med föll, er ukjent. Skulle köyrast langsam til kyrkja, men ikkje heimatt Stundom mest kappköyring. Liket vart helst köyrt av eine slektingen (mønnen, sonen), Berre oppfor bakke gjekk han jamssi

13135

9

NORSK Etnologisk Gransking  
sides likvognen.

152 - 153

Sangeren sat aldri på kisten her. Döydde ein t.d. på stölen eller burte i fjellet elles, hendte det at dei klövja den avlidne heim, og kunne då bruke to hestar,

154 - 155

Me kjenner ikkje til at dei her hadde noko sikkert middeel del til å få vita om den dödes skjebne etter döden, utan <sup>vark</sup> om for små born, som alle ~~wille bli~~ salige.

På kyrkjegaren

156-158

Det var dej same slektingane som tok kista ned frå vogni, og sette ho på to krakkar, som var framsette ved Kyrkjeporten til presten kom. Bære til gravlegginga var der ikje, men no er der senkeaparat, som, når det ikkje er i bruk, ligg i eit lite rom i Kyrkjeporten. Aparatet høyrer kyrkjun til.

159

Det er dei same slektingane som ber kista inn på Kyrkjegaren.

160 - 162

Med hesten vart det ikkje gjort noko sers, medan liket vart gravlagt. Kista vart ikkje bore rundt kyrkja her.

164 - 166

För siste hundreårsskifta var det sjeldan at presten mötte ved gravleggjingga, men no mest alltid. Det hender att ~~se-~~ <sup>berre</sup> remonien blir halden i kyrkja, men for det meste vute ved gravi. Det blir alltid sunga medan dei ber kista til gravi. Den blir aldri bore rundt gravi, og aldri ringt etter at kista er senka, eller jevna over.

Graven.

167- 171

Når bygdi fekk gravar, veit me ikkje no. Folk kalla han som oftast kyrkjetenaren eller gravaren. För det vart fast gravar, sytte sjölvsgåt slektingane for å få til grav. Og den var alltid i stann för likferdi kom.

172-173

Skikken med at mennene kasta ein spade jord på kista ned i graven, var ukjent her. Dei fleste held etter ga-

10

mal vane hatten ei stunn for ansikter, og gikk deretter frå gravi. Meiningi med jordfestinga held vist dei fleste berre for ein skikk.

I 174-175

Ingen sette merkje i gravi til det vart jordfesting, og gravi vart berre hjå einskilde pynta og tilstussa i gammal tid. No blir gravi mest åt alle halde i stand med blomar og plantingar, og Jolaftan er det mange som set ljos og joleband på gravi åt sine.

Serlege tilfelle.

I 176-179

I fyrstningen av forige århundre, seiest det, skulle ingen sjölmordar gravleggjast på kyrkjegaren, men utanfor. Seinare vart det slik at dei kunne få ligge på kyrkjegaren, men måtte ikke førast inn gjennom porten, men ~~vlyftas~~<sup>ei natt</sup> over muren ein stad og inn på kyrkjegaren (Dei for ikke alltid so fint åt dei gamle heller.) No blir alle som tek sitt eige liv, gravlagde som andre.

I 180-181

Udöpte eller dödfödte barn vart gjerne sett ned på kista åt den neste som döyddes i bygden.

Gravöl

I 1882-187

Gjesteboet ved ei gravferd kallast her gravöl. Fram til pålik lag 1880 vart det då nyttet ein beamann (Bestefar min var beamann her i grunden) Bealaget var likt både til bryllup og gravöl. Han tok då på seg sine beste kleder og gjekk. Då han kom inn, vart det so stilt og högtidss amt i huset. So handhelsav <sup>han</sup> på alle, og bar fram erendet sit: Han skulle gå med ei venleg helsing og begjering frå NN om so mange som ikke mogeleg i huset vilde koma til NN og vera med i gravferdi ~~dura~~ etter kjære NN og bli med attende frå kyrkjegaren til syrehuset, og der ta til takke med den traktering, som huset formådde. Etter denne leksa gjekk gjerne mannen i huset ut i kammerset etter eit par glas og karaffel, men glasi måtte deamannen no handsame med varsemd, då han enno hadde mang <sup>att</sup> e stader <sup>vå</sup> vera inne på.

13135

# NORSK Etnologisk Gransking

i 88

Skjenk var den vanlege bevertning åt beamannen, somme stads ogso kaffe med biteti.

189 - I90

Bedabrev har vore ganske lite brukt her til andre enn til langt borte verande.. Eit gravöl kunne heilt fram til hundreårsskiftet vara både to og tre dagar, no berre ein.

I9I-I93

Tre måltider var det vanlege. Kosten i gravölet var i alle dele som kosten i andre gjestebo, utan sers tillegg.

I94-I95

Det vanlege var at slektingane hjelpte til med tilstelningen. Skikken med at grannar stansa arbeidet gravölsdag i grønda, er ukjent her.

I96 -200

Iblast hadde gjestene sendinga med, men det gamle var, at den vart send dagen før. Det var gjerne tenestjenta og ei av husets døtre som gjekk med den, skulle ikkje vera serskilt kleddde. Det var ingen tilstelning for dei som gjekk med sending, berre vanlegt traktemang. Sendingi vart helst borene i ei korg, "Sendingskorg" utan å vore pynta på sers måte. Halve sendingar kjenner me ikkje

20I

Til i slutten av 1800året kunne gravölet vara både to og tre dagar på dei større garane. Mange låg då på garen, og somme reiste heim og kom att dagen etter. Husmennene var som oftest ikkje be dne til fyrste dag, men til annan eller tredjedag.

tid

Dette var dei den ~~dug~~ so vante med, at det vist ikkje var nokon som tok det ille opp. På plassar og mindre bruk held dei gravöl berre ein dag. Til vanleg var det mykje skjenk i lag med den tid. Han som sto for skjenkingi, kunne ~~ret som~~ <sup>slundorn</sup> ~~det~~ var koma med eit brett med mange drammar på og kunne då seie "No kjem det ei regnskur", eller noko anna morosamt.

202 - 203

Skjenk og alkoholforbruk har det vore av og til ogso etter hundrearsskiftet, men ikkje no lenger, utan om øl til middagen.

204

Sendingar er det no lite eller inkje av, men kransar i overflod. Her i bygden har dei no, for å få minska kransekjøpet, skipa blomsterfond, slik at dei kjøper eit dertil laga kort, som den avlidnes huslyd får istadenfor krans. Kortet kostar 10 kr. som går til vedlikehald av kyrkjegarden.

205-206

Det er no 60-70 år sidan folk tok til med kransesending.

Til å begynne med var det mest heimgjorte, av lyng bar og bloma, no for det meste kjøpte i ein blomsterforretning.

207-209

Sløyfekransar har vore mykje i bruk, ein kan seie fra 50-60 år attende, alltid med påskrift, eit vers eller eit takkeord. Dei fleste blir lagt på bårautan vidare. Andre med tale (takketale). Ingen legg kransar på kista i graven, men mange av kransane blir lagt på gravi når ho er attkasta, og ligg der til gravaren tek dei vekk.

210-212

Det blir omtrent aldri brukt alkohol i gravgöl her no, utan om øl til middagen. No er det mykje vanleg å halde gravgölet på hotel eller pensjonat, somme med middag, andre med kaffe og mange slags kaffemat. Gravöl blir her aldri halde på sundag. Ein skikk som er ganske ny (15-20 år) er at samveret sluttar med andagt, når dei etterlevande so yngskjer. Dette helst når presten er med. Ja elles ogso, dersom ein annan er vilmjug til å tala til avslutning. Mest alle dödsfall blir no avtert i blad med uppmöding til alle som vil delta å møte sram, og med kungjering om korhelst bevertningen etterpå er.